



Seljord kommune
Brøløsvegen 13 A
3840 SELJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ailin Gundersen Aarnes, 33371183

Pålegg om tiltaksretta resipientovervaking for avlaupsanlegg - Seljord kommune

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark pålegg tiltaksretta resipientovervaking i tråd med vassforskrifta for avlaupsanlegg som er regulert etter forureiningsforskrifta kapittel 14. Hensikta er å dokumentere tilstanden lokalt i resipienten og å klarlegge om utslepp frå avlaupsanlegga har effekt på vassførekomstane.

De kan klage på vedtaket innan tre veker.

Vi viser til varsel om pålegg om tiltaksretta resipientovervaking for avlaupsanlegg datert 13.1.2023, og til brev 23.1.2023 med retting av frist for rapportering.

Bakgrunn

Vassforskrifta stiller krav om at tilstanden i overflatevatn ikkje skal bli redusert, men at den skal bli forbetra og retta opp att med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Føremålet er å sikre eit mest mogeleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. For å vurdere fare for redusert tilstand, må det liggje føre kunnskap om tilstanden i resipienten.

Forureiningsmynda kan påleggje forureinande verksemd å sørge for eller koste undersøkingar for å fastslå i kva grad verksemda fører til forureining, og å klarlegge verknadane av forureining som har funne stad, jf. forureiningslova § 51.

Dei fleste avlaupsanlegg i Vestfold og Telemark har krav om resipientovervaking i sine løyve, i tillegg til utsleppskontroll i utlaupet. Det er likevel nokre anlegg der dette kravet ikkje har vore stilt, først og fremst som følgje av at løyve blei vedtatt før dette var praksis.

For å kartleggje kva for påverknad utsleppa frå det enkelte avlaupsanlegget har, både nære utsleppspunkta, og på den samla tilstanden til resipienten, er det naudsynt at dei som ikkje allereie



har krav om vassovervaking nedfelt i sitt løyve, blir pålagt slik overvaking. Kunnskap om resipientane vil da liggje føre innan neste revisjon av løyva.

Når det gjeld avlaupsanlegg som allereie har krav om resipientovervaking i sitt løyve, har krava vore stilt noko ulikt for dei forskjellige avlaupsanlegga og over tid. Ikkje all overvaking er utført i samsvar med føringane i vassforskrifta og forskriftas rettleiar.

Vi ser det som føremålstenleg at reinseanlegg som allereie gjennomfører resipientovervaking, får likelydande krav som dei som får kravet for første gong, slik at krav om overvaking innan avlaupsområdet i fylket vil følgje dei same prinsippa gjeve i vassforskrifta, og utførast i tråd med nasjonale føringar. Ein tilleggsverdi ved dette vil vere at data som blir samla inn i større grad vil bli mogeleg å jamføre, og kan sjåast i samanheng.

Anlegg som fekk løyve i 2021 blir likevel ikkje pålagt overvaking, då krav om overvaking etter vassforskrifta allereie er stilt i deira relativt nye løyve.

Innkomne kommentarar til varselet om pålegg

Likelydande varsel ble sendt ut til alle kommunar og IKS i fylket med avlaupsanlegg som er regulert etter forureiningsforskrifta kapittel 14. Vi fekk éin kommentar og eit spørsmål til varselet.

Tønsberg renseanlegg IKS skriv at dei antar at den varsla overvakinga vil vere i staden for resipientovervakinga dei tidlegare har hatt for å registrere om resipienten er følsamt, normalt eller mindre følsamt område. Dei ber om ei stadfesting av at denne tolkinga er riktig. Vidare påpeiker dei at fristen som ble varsla for innlevering av overvakingsrapport ikkje er realistisk.

Sandefjord kommune har stilt spørsmål ved om Statsforvaltaren ser på bistand fra vassområdekoordinator som ei akseptabel løysing med tanke på at overvakingsprogrammet skal «vere utarbeida og gjennomført av uavhengig vassfagleg ekspertise».

Våre vurderingar av innkomne kommentarar

Resipientovervakinga Tønsberg RA IKS viser til, omhandlar områdeinndelinga slik den er definert i avlaupsdirektivet og i forureiningsforskrifta, og som seier at eutrofe fjordar og sjøområde skal bli registrert som følsamt område. Det er i lys av undersøkingar som er gjort dei seinare åra ingen tvil om at Oslofjorden faller inn under definisjonen for følsamt område.

Formålet med resipientovervakinga som vi nå pålegg er å dokumentere tilstanden lokalt i resipienten ut ifrå tilstandsklasser i vassforskrifta, og å klarlegge om utslepp frå avlaupsanlegga er til hinder for å oppnå miljømåla for den enkelte resipient. Med denne kunnskapen kan vi vurdere om det er behov for ytterlegare utsleppsreducerande tiltak på avlaupsanlegga. Vi vurderer at resipientovervaking som blir gjennomført i tråd med pålegget i dette brevet, også vil gi tilstrekkeleg kunnskap for å oppfylle krav til reinseanlegget om overvaking etter § 14-9 i forureiningsforskrifta. Fristen i varselet datert 13.1.2023 var feil, og ble retta i brev datert 23.1.2023.

Statsforvaltaren ser på vassområdekoordinator som uavhengig vassfagleg ekspertise. Vi har også endra ordlyden i vedtaket noko, slik at det kjem tydelegare fram at resultatata også skal bli vurdert av vassfagleg ekspertise, men at sjølve prøvetakinga kan utførast av kommunen/selskapet etter naudsynt opplæring.

Vedtak om pålegg

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vedtar med heimel i forureiningslova § 51 følgjande pålegg for avlaupsanlegg omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14:



1 Vassovervaking

Kommunen skal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå avlaupsanlegget (reinseanlegg og overlaupspunkt) til aktuelle vassførekomstar ifølgje eit overvakingsprogram. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegna i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking, jf. Vassforskrifta vedlegg V, punkt 1.3.2, og skal vere basert på risiko. Prinsippa i Miljødirektoratet si *Eksempelsamling for tiltaksorientert overvåking M-997 | 2018* skal følgjast og klassifiseringa skal gå føre seg etter Miljødirektoratet sin rettleiar 02:2018 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller eventuelt nyare utgåve av desse rettleiingane.

Programmet skal leggjast fram for Statsforvaltaren for eventuelle merknadar innan 1. oktober 2023. Overvakinga skal settast i gang slik at fullstendig overvakingsrapport kan sendast Statsforvaltaren innan 1.mars 2025.

1.1. Utforming av overvakingsprogram

Overvakingsprogrammet skal vere utarbeida, gjennomført og resultatane skal vere vurdert av uavhengig vassfagleg ekspertise, og skal inkludere undersøkingar i hovudutlaup og ved overlaupspunkt av betydning for miljøet. Sjølvne prøvetakinga kan gjerast av kommunen etter naudsynt opplæring. Prøvetakingspunkt, prøvetakingsfrekvens, samt korleis og i kva for medium (biota, sediment etc.) undersøkinga vil bli gjennomført, skal grunnleggjast i programmet. Punkt for prøvetaking skal kome fram av kart, som også skal angje utsleppspunkt.

Overvakingsprogrammet skal innehalde følgjande stasjonstypar:

- **Nærstasjonar**
Overvakingsprogrammet skal innehalde minst ein nærstasjon innanfor influensområdet, jf. Miljødirektoratets faktaark M-1288 | 2019. Prøver frå nærstasjonen(ane) skal dokumentere eventuell effekt av utslepp av avlaupsvatn, og prøver skal minimum takast i sediment og relevante biota.
- **Klassifiseringsstasjonar**
For å kartleggje den totale utbreiinga til påverknaden, skal det i tillegg plasserast klassifiseringsstasjonar i ein gradient frå utsleppspunktet. Desse stasjonane leggjast utanfor influensområdet og skal dokumentere tilstanden i resipienten ut ifrå samla belastning.
- **Bakgrunnsstasjonar**
Det skal etablerast minst ein bakgrunnsstasjon som er upåverka av avlaupsutsleppet. Stasjonen skal vere referanse for nærstasjonen, slik at påverknaden frå punktutsleppet kan kvantifiserast.

1.2. Tal på år mellom kvar undersøking (omdrev)

Dei første tre åra med overvaking skal det gjennomførast årlege undersøkingar. Dersom resultatane varierer lite desse tre åra, kan tal på år mellom kvar undersøking (omdrev) reduserast til å følgje anbefalingane i M-997 | 2018 punkt 3.4.3, eller nyaste utgåve av denne rapporten.

Overvakinga skal elles følgje opphavleg plan inntil endringar er skriftleg avklara med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan også på eige initiativ vurdere å endre frekvensen for overvaking, dersom utsleppet frå avlaupsanlegget eller tilstanden i vassførekomsten(ane) blir endra.

1.3. Rapportering

Resultatane frå undersøkinga skal sendast forureiningsmynda innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Resultatane skal presenterast i ein rapport som drøftar resultatane og gjer greie for om det er sannsynleg at avlaupsanlegget påverkar tilstanden i vassførekomsten.

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Importmal og informasjon finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.



Klagerett

Seljord kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. I ei eventuell klage bør de oppgi grunn for klaga og kva for endringar de ønsker. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha betydning for saka kome fram.

Klagefristen er tre veker frå de har tatt imot dette brevet. De skal sende klaga til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Miljødirektoratet er klageinstans.

Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo
fagsjef

Ailin Gundersen Aarnes
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent